

Norges vassdrags -og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Gjesdal Bondelag
v/Marit Epletveit
Gjesdal 107
4330 Ålgård

Gjesdal 20.06.2014

Høringsuttalelse Høgamork kraftverk

Gjesdal bondelag er imot utbygginga av Høgamork kraftverk sidan dette vil påverka negativt mange aktive gardsbruk. Utbygger og NVE har liten erfaring med å byggje i aktive landbruksområder derfor meiner vi føre var prinsippet må gjelde, sikter spesielt til EU sitt vanndirektiv.

I Gjesdal er kulturbeit ein viktig og for mange avgjerande del av førgrunnlaget og spreiearealet på garden. Slik er det også i dette området. I området er der dyrka jord og kulturbeite som er godkjent som spreieareal og dagens praksis må få fortsette.

I planområdet er der mykje beite og derfor uroer den reduserte vassmengda oss. Dyra som går her vil få meget dårlig kvalitet på drikkevatnet, som igjen vil gå utover produksjon og tilvekst. Dyra vil og lettare gå over Madlandselva som er sjølvgjerd langs heile strekningen. Redusert vannføring vil føre til betydelig meirarbeid for grunneigarane både med gjerding, tilsyn og henting av dyr hjå ulike naboar. Utbygger må ta kostnaden og arbeid med gjerdehalde langs heil Madlandselva. Utbygger må også sørge for drikkevatt til dyr der vannkvaliteten vert redusert

Vi er og meget betenkt til massetippene som er planlagt. Fotomontasje som vart vist på høyringsmøte 17 juni ser ut til å gje store terrengforandringar som vil vere stygge sår i landskapet. Bondelagets krav er at fyllingane må plasserast utan skråningar (i dalbotnen) og at dette blir dyrka mark med minst 1 meter matjord på toppen. Bratt steinskråning vil vere eit stygt sår i eit vakkert kulturlandskap. For å få dyrkbar jord trengs der 1 meter med matjord på toppen. Det må vere eit krav at utbygger overlèt området ferdig tilsådd som fulldyrka jord, eventuelt tilsådd beite i skråningar.

Vi frykter og ugraset sine vilkår når Madlandselva vert mindre. Når næringsinnhaldet og temperaturen i elva stig, vil den frøbanken med ugras som no ligg under vatn (og nye i framtida) få fantastiske veksttilhøve. Utbygger må ta alt ekstraarbeid og kostnad med vegetasjon og ugras i elveleiet. Lyse tar ikkje ugrasproblematikken i Oltedalselva (lenger nede i dette vassdraget) alvorleg i dag.

Vi har ikkje den fulle oversikt over framtida og kva krav det vil komme frå EU sitt vanndirektiv. Her må vi ta høgde for at det kjem strengare krav. Alle framtidige pålegg som kjem av at utbygger har oppkonsentrert dårleg vannkvalitet ved redusert vannføring må utbygger ta ansvar for.

Marit Epletveit